



Scientific project manager (permanent position) - EU project management (ocean and climate science)

Rådgjevar

Ved [Geofysisk institutt](#) er det ledig ei stilling som rådgjevar ("Project Manager") knytt til EU H2020-prosjektet COMFORT. Dei fyrste 48 månadene er 75% av stillinga finansiert av dette prosjektet. Resten av stillinga er knytt til eit internt prosjekt for å styrke forskingsadministrative prosessar knytt til kontraktsoppfølging.

Hovudarbeidsoppgåvene i stillinga er å vere prosjektmanager for COMFORT-prosjektet (Our Common Future Ocean in the Earth System - quantifying Coupled Cycles of Carbon Oxygen and nutrients for Determining and Achieving Safe Operating Spaces with Respect to Tipping Points), som er eit sentralt europeisk forskingsprosjekt om marine klimaendringar og konsekvensar for økosystemar. Prosjektet har 32 partnarar frå Europa, Afrika, India, og Kanada.

Arbeidsoppgåver:

Kandidaten skal støtte prosjektleiaren for COMFORT i alle delar av den vitenskaplege koordineringa av prosjektet (den prosjektøkonomiske administrasjonen bli gjort av andre). Desse oppgåvene er:

- Utarbeide kommunikasjonsplan, etablere og drive intern- og eksternkommunikasjon
- Fremme resultat frå prosjektet mot internasjonale rapportar.
- Bistå med å koordinere arbeidet mellom dei ulike arbeidspakkene.
- Følgje opp aktivitetane i prosjektet, og særleg sjå til at alle leveransar går som dei skal og at milepæl følgjer tidsplan.
- Skrive saman rapportar.
- Organisere prosjektmøte.
- Nettverksarbeid med andre internasjonale og nasjonale prosjekt
- Bidra til at prosjektet oppnår størst mogleg påverknad internasjonalt og nasjonalt.
- Følgje opp etiske standarder og retningslinjer og forplikninga om å publisere i "open access"-tidsskrift.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha ein norsk doktorgrad i utdanning i oseanografi, meteorologi, fysikk, matematikk, biologi, geologi eller tilsvarende disiplin, eller ha tilsvarende utdanning frå utlandet
- Kjennskap til prosessen med vitenskapleg forskning i klima og hav.
- Gode kommunikasjonsevner også på tvers av fagområder.
- God skriftleg framstillingsevne og evne til å formulere lettforståelige tekster for formidling til ulike parter
- Søkjarar må ha gode engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg
- Søkjarar må ha gode samarbeidsevner (med hensyn til f.eks. diplomati, tålmodighet, problemløysing, effektiv delegering av oppgåver).
- Evne til å organisere komplekse oppgåver på ein strukturert måte.
- Sjølvtilitt og evne til å jobbe under press

Videre er det ønskeleg med:

- Dokumentert erfaring med store forskingsprosjekt
- Vitenskapleg kompetanse innan hav- og klimavitenskap, særleg i marine biogeokjemiske sykluser.
- Erfaring innan vitenskapleg publisering med særleg vekt på «open access».
- Erfaring med programmering / vedlikehald av nettstader
- Inngåande kjennskap til EUs finansieringssystem.
- Erfaring med EU-deltakerportalen.
- Vilje til å reise
- Bevisstheit om miljøvennlege styringsprosedyrar og reduksjonar av «carbon foot print»

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Stilling som rådgjevar (kode 1434) i lønnssteg 57 - 64 (for tida kr 497 000 - 565 500) i det statlege lønsregulativet.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Professor Christoph Heinze, Geofysisk institutt, e-post: christoph.heinze@uib.no, tlf: +47 5558 9844/+47 9137 4288.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 169244, Søknadsfrist: Avsluttet